



Lerøy gruppen sitt oppdrettsanlegg på Skorpo er ein del av grunnlaget for at det er løyvd 40 mill. kr til Kvinnherad frå Havbruksfondet.

**Kvinnherad er løyvd i overkant av 40 millionar kr. frå Havbruksfondet. Dette er midlar frå oppdrettsnæringa der 70 % av pengane skal gå til kommunane. Dette er nytt. Før har gjekk heile tildelinga til Staten. Kvinnherad er stor på oppdrett. Eit av anlegga ligg nord for Skorpo, nær Jektholmen og Holmasletto I media vert det no spurt kva desse ekstra tildelingane skal nyttast til.**

Uskedalen er ei sentral bygd med sine servicefunksjonar i høve til oppdrettsindustrien. Bygda er ein base for Lerøygruppen sitt anlegg på Skorpo. Selstad AS har etablert servicestasjon på Eidsvik for vask og vedlikehald av notposar. Anlegget er også eit lager av fortøyningsutstyr og anna relevant utstyr for oppdrettsnæringa.

Oppdrettsanlegget ved Skorpo er eit av dei største med sin konsesjon på 5460 tonn. Nebbo og dei andre anlegga på nordsida av Sniltsteitøy har konsesjon på 2340 tonn kvar. Ystanes og Djupevik har 3900 tonn kvar.

Spørsmålet mange stiller seg er om Uskedalen bør vera med i vurderinga om kva løyvinga frå Havbruksfondet skal brukast til. I dagens Kvinnherad kjem det fram ulike syn politisk,- alt frå tiltak innan reiseliv, kultur til tafikktryggleik.

I det vidare arbeidet med fornuftig og framtidsretta bruk, må Uskedalen koma på lista. Det er nok å nemna:

- Oppstart med planlegging og prosjektering av gang- og sykkelveg Uskedalen bru til Steinsletto, særleg fordi dette tiltaket ikkje er ein del av Kvinnheradpakken
- Trafikksikring med fartsdempande tiltak på Fylkesvegen gjennom sentrum
- Planlegging og fortgang i arbeidet med ny reguleringsplan for Børneset Industriområde
- Oppstart reguleringsplan i sentrum som syner og sikrar arealbruk til ulike føremål, som til dømes eldrebustader organisert i klynge

Uskedalen.no ynskjer synspunkt og gode innspel som kan meldast inn administrativt og politisk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal